



## Seljord IL

# Dugnad under Dyrsku`n 2022

Det nærmar seg Dyrsku, og Seljord Idrettslag er i full gang med å førebu matsalet etter to år med pandemi. Vi er svært glade for at du har sagt ja til å arbeide dugnad under Dyrsku`n. Det er denne innsatsen som gjer det mogeleg å halde i gang aktivitetar som barneidrett, fotball, handball, friidrett, skikarusell, ridegruppe m.m. Alle aktive SIL-medlemar mellom 11 og 13 år, er sett opp på ryddevakt eller hamburgarpakking 3 til 4 timer 2 av dagane. Aktive frå 14 til 16 år er sett opp på 2 vakter under Dyrskun, der den eine går til inntekt for undergruppa. På heimesida vår finn du oppdatert vaktliste som viser kva for tid du er sett opp.

### OPPMØTE PÅ DYRSKUPLASSEN

Hugs at det kan vera kø både på vegen og inne på plassen. Ver ute i god tid!

1. Eigen parkering for dei som skal jobbe dugnad finn du på jordet nede ved Bygdaråi mot Norbygdi (sjå kart). Der får du parkere gratis ved å vise til vaktlista. Innkøyring er nå flytta til Norbygdi Industriområde (Bergene Holm) og følger ny veg langs Bygdaråi. Følg skilting og tilvising frå mannskap.
2. Oppmøte/innsjekk vakter er i telt på venstre side av Hovudport (sjå kart) for å registrere dugnadsvakta di. Oppgje navnet ditt for registrering – du får stempel for gyldig inngang.
3. Etterpå går du til personalmottaket til Seljord IL (sjå kart) som ligg bak hovudmatutsalet. Der vil du bli sjekka inn og får tildelt arbeidsantrekk og ei innføring i jobben du skal utføre.

Dersom vakta du er sett opp på, ikkje er i samsvar med tidlegare avtalt eller om det har kome hindringar av noko slag, ber vi deg ta kontakt med underteikna innan måndag 29. august.

NB! På heimesida vår [seljordidrettslag.no](http://seljordidrettslag.no) finn du ajourførte vaktlister og anna aktuell info.

Seljord 22. august 2022

Helsing  
Seljord IL v.Tellef Solås  
Mobil: **918 96 135**  
Epost: **post@seljordidrettslag.no**

**Vel møtt til travle dagar ☺**